

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:  
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: \*

Tal uprenta vedlegg: \*

## **Utgreiinga "Vestlandsregion eller vidare samarbeid?"**

### **Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vestlandsrådet har merka seg at høyringsrunden har gitt stor tilslutnad til eit folkevald regionalt forvaltningsnivå og til samarbeid på Vestlandet.
2. Rådet meiner likevel at høyringsfråsegnene ikkje gjev tilstrekkelig grunnlag for å arbeide vidare med regionspørsmålet i regi av Vestlandsrådet no. Det er mest naturleg at spørsmålet blir handsama som del av den regionreforma regjeringa Stoltenberg har varsla.
3. Vestlandsrådet har gjennom utgreiingsarbeidet og høyringa tileigna seg kunnskap og kompetanse som også bør vere av interesse på nasjonalt hald. Rådet vil difor ta kontakt med KRD og tilby aktiv medverknad i dette arbeidet.
4. Inntil vidare må det eksisterande samarbeidet i Vestlandsregionen vidareførast og styrkast

Prenta vedlegg:

1. Samandrag av høyringsfråsegnene
2. Høyringsfråsegner frå Rogaland fylke
3. Høyringsfråsegner frå Hordaland fylke
4. Høyringsfråsegner frå Sogn og Fjordane fylkes
5. Høyringsfråsegner frå Møre og Romsdal fylke
6. Nasjonale og regionale høyringsfråsegner

Uprenta vedlegg:

## **Saksframstilling**

### **Bakgrunn**

Vestlandsrådet gjorde følgjande vedtak 12. januar 2005:

- 1 Med utgangspunkt i dei innspela som følgjer av vedtaka i fylkestinga i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane om premissar og innhald for eit evt. nytt regionalt nivå, blir det starta arbeid med ei utgreiing i regi av Vestlandsrådet.
- 2 Dei deltakande fylkeskommunane sine representantar i Vestlandsrådet er styringsgruppe for arbeidet
- 3 Det vert etablert eit politisk arbeidsutval som førebur arbeidet i styringsgruppa. Representantar til arbeidsutvalet:

Rogaland:

Representant: Roald G. Bergsaker  
Representant: Eirin Sund

Vararepresentant: Odd Arild Kvaløy  
Vararepresentant: Klara Tveit

Hordaland:

Representant: Torill Selsvold Nyborg  
Representant: Gisle Handeland

Vararepresentant: Tom-Christer Nilsen  
Vararepresentant: Mette Holmefjord Olsen

Sogn og Fjordane:

Representant Nils R. Sandal  
Representant Tor Bremer

Vararepresentant: Liv Signe Narvarsete  
Vararepresentant: Hilde Kvamsås Aa

- 4 Styringsgruppa for arbeidet sender utgreiinga på brei høyring i juni 2005 etter ei intern høyring hos fylkeskommunane i Vestlandsrådet

Utgreiinga vart sendt til uttale i dei tre fylkestinga før rapporten vart sendt på høyring. Vedtaka frå fylkestinga fylgde uttalen ut på høyring.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane utforma i tillegg ei eige utgreiing om einskapsfylke . Tilleggsutgreiinga vart sendt på høyring hos høyringsinstansane i Sogn og Fjordane.

Vestlandsrådet gjorde 22. juni slikt vedtak:

1. *Vestlandsrådet sender utgreiinga på brei høyring med frist til 20. oktober 2005 til høyringsinstansar i dei fire fylka som er med i Vestlandsrådet. Merknadene frå fylkestinga følgjer utgreiinga på høyring*
2. *Med grunnlag i utgreiinga og i høyringsinstansane sine synspunkt, blir det teke sikte på å fremje sak til fylkestinga i desember om vegen vidare.*
3. *Det vert arrangert ein høyringskonferanse med brei invitasjon fredag 7. oktober.*

I høyringsbrevet datert 27.06.05 vart det stilt tre spørsmål:

- Vil Vestlandet best kunna utvikle seg vidare med eit tettare samarbeid mellom fylkeskommunane, eller ved å etablere ein vestlandsregion?
- Kva for oppgåver vil vera dei mest sentrale for ein vestlandsregion

- Korleis kan ein vestlandsregion best få til samhandling med kommunane og dei andre regionale utviklingsaktørane?

### Prosess

Høyringsrapporten vart sendt til om lag 480 høyringsinstansar. Av desse svarte 78. Det er varsla nokre etternølarar.

Tabellen nedanfor viser fordelinga av høyringssvar.

	Totalt	Rogaland	Hordaland	Sogn og Fjordane	Møre og Romsdal	Regionale, nasjonale oa
Kommunane/regionråd	42	9	10	14	8	1
Kompetansemiljøa	6	0	2	3	1	0
Næringslivet	6	1	2	3	0	0
3 sektor/organisasjonslivet	10	2	2	5	0	1
Fagforeningar/tilsette	3	0	1	2	0	0
Statlige etatar	11	1	2	2	0	6
Totalt	78	13	19	29	9	8

Vi gjer merksam på at ei rekkje av kommunane har gitt uttale gjennom regionråda. Dette gjeld t.d. både Hardangerrådet, Regionrådet for Nordhordland, Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Dalanerådet (4). I Hordaland har 25 av 33 kommunar svart, tre av dei både med eigne uttalar og gjennom regionråda.

Det vart arrangert ein felles høyringskonferanse fredag 7. oktober der om lag 115 personar deltok.

Det har vore utforma eit eiga debatthefte som vart sendt ut til alle høyringsinstansane.

### Tilhøvet til Møre og Romsdal

Møre og Romsdal har ikkje teke del i utgreiinga, men gjev slik høyringsuttale i saka.. Fylkestinget i Møre og Romsdal gjorde slikt vedtak:

1. *"Møre og Romsdal fylkesting ønskjer å byggje vidare på eit tett og forpliktande samarbeid med dei andre fylka på Vestlandet.*
2. *Møre og Romsdal fylke har gjort det klart at fylket vil satse på Einskapsfylkemonellen som framtidig regionmodell og folkevalt nivå. Møre og Romsdal er såleis ikkje aktuell medlem i ein folkevalt Vestlandsregion som modellen framstår i utgreiinga.*
3. *Møre og Romsdal fylke vil framheve verdien av lokal identitet som grunnlag for at regionalt demokrati og permanent partnerskap skal fungere.*
4. *Ei samling av dei regionalpolitiske og statlege oppgåvene i eit organ må leggjast til grunn for ein framtidig regionmodell."*

### Målsettinga med utgreiinga

Utgreiinga har vore eit ledd i ambisjonen om å vere førande i regiondebatten i Noreg. Den har forsøkt å konkretisere kva for eit regionalt nivå vi skal ha på Vestlandet i framtida, og bidra til ein debatt om det framtidige regionale nivået.

Utgreiinga har vurdert to alternativ for vidare utvikling av det regionale nivået på Vestlandet:

- å utvide samarbeidet mellom fylkeskommunane på Vestlandet
- å danne ein vestlandsregion

Hovudvekta er lagt på å danne ein vestlandsregion.

Det var ulike politiske standpunkt i styringsgruppa til spørsmålet om å etablere ein vestlandsregion. Styringsgruppa si oppgåve har ikkje vore å ta endeleg stilling til om det bør dannast ein vestlandsregion, men la til grunn at det vil gagne debatten og den vidare prosessen fram mot den endelege politiske avklaringa dersom vi har eit klarare bilete av korleis denne regionen kan sjå ut.

### Sentrale punkt i utgreiinga

Som tidlegare nemnt vart det særleg spurt om Vestlandet best vil kunne utvikle seg vidare med eit tettare samarbeid mellom fylkeskommunane, eller ved å etablere ein vestlandsregion, kva for oppgåver som vil vere mest sentrale, og om samhandling. I vedlegg 1 er det gitt eit oversyn over kva høyringsinstansane svarar på desse tre spørsmåla som vart stilte i høyringsbrevet og utdrag av synspunkt til dei ulike delane av utgreiinga. Som vedlegg kjem og fire fylkeshefte med fråsegner og eit samlehefte for nasjonale og regionale høyringsinstansar.

I det vidare vil fylkesrådmannen først kommentere hovudspørsmålet om Vestlandet vil best utvikle seg vidare gjennom danning av ein vestlandsregion eller ved eit tettare samarbeid mellom fylkeskommunane, for deretter å gå igjennom dei einskilde hovudkapital i utgreiinga.

### Fordeling av høyringsinstansar på spørsmål om vestlandsregion eller vidare samarbeide

Tabellen nedanfor viser fordelinga når det gjeld spørsmålet om det er ønskeleg med vestlandsregion eller vidare samarbeid.

Oversyn over svar:

	For vestlandsregion				For vidare samarbeid				Andre svar			
	R	H	SF	MR	R	H	SF	MR	R	H	SF	MR
Kommunane/ regionråd	2	9	3		4		4	7	3	1	7	1
Kompetansemiljøa										2	3	1
Næringslivet	1	1	1			1					2	
3 sektor/ organisasjonslivet	2	1	1				3			1	1	
Fagforeningar/ tilsette			2							1		
Statlige etatar		1			1		1			1	1	

Av regionale og nasjonale instansar er Statens Vegvesen, Region Vest positiv til vestlandsregion. Dei 7 andre har ikkje merknader eller vil avvente val av modell til dei ser oppgåvene.

Dei fleste kommunane i Hordaland er positive til danning av ein vestlandsregion, mens det er delte synspunkt på dette blant kommunane i dei andre fylka.

Ein rekkje aktørar har ikkje svart på dette spørsmålet av di dei ikkje finn dette naturleg. Fleire høyringsinstansar tar til etterretning regjeringserklæringa ("Soria-Moria-erklæringa") sine formuleringar om et nytt regionalnivå (sjå lenger nede).

Mange meiner det er rett å vente med å ta standpunkt til det er klart frå Stortinget kva for oppgaver ein region vil få.

#### ***Fylkesrådmannen sine kommentarar***

Fylkesrådmannen registrerer at utanom kommunane i Hordaland, er det inga klar tilråding verken for vestlandsregion eller for eit vidare samarbeid mellom fylkeskommunane. Ein del høyringsinstansar har andre svar på spørsmålet (t.d. to-nivå-modell). Eg gjer også merksam på at det i første rekkje er kommunane som har svart, i tillegg til ein del statlege etatar.

### **Demokrati og nærleik – heilskapsperspektiv – konkurransekraft og regional balanse (Utgreiinga sitt kapittel 3):**

#### ***Kort om innhaldet***

Styringsgruppa la til grunn at eit nytt folkevalt nivå på Vestlandet må gi meirverdi ved auka demokrati og nærleik, heilskapsperspektiv, konkurransekraft og regional balanse.

#### ***Synspunkt frå høyringsinstansane***

Blant høyringsinstansane er det stor oppslutnad om eit regionalt folkevald nivå. Det er nokre unnatak, m.a. går Stavanger kommune inn for ein to-nivå-ordning, og fylkesmannen i Rogaland meiner at dei gode erfaringane med fylkesdelplanar i Rogaland kan gi grunnlag for å stille spørsmål ved om ikkje dagens fylkeskommunar er for store.

Ei rekkje instansar peikar på manglande samordning mellom ulike sektorar som eit stort problem. Ikkje minst statlege instansar poengterer dette. Samstundes peikar fylkesmennene på at det meste av sektorpolitikken er utforma ut i frå andre omsyn enn distrikts- og regionalpolitikk, og at det meste av samordninga av sektorpolitikken må føregå på sentralt nivå.

Det er også peika på at forholdet mellom regionalt nivå, storbyane og distrikta rundt og arbeids-, bu- og serviceregionar bør greiast ut vidare.

Ein rekkje instansar meiner også at statleg styring er ein garanti for likskap, rettferd og rettstryggleik.

Noen høyringsinstansar fryktar at eit svekka regionalt nivå vil føre til styrking av statleg makt og kunne føre til ein to-nivåmodell.

Det er ulike synspunkt på om Vestlandet blir ei for stor geografisk eining. Nokre instansar peikar på at heile Vestlandet blir ein så stor region at demokratiet blir svekka. Andre peikar på fellestrekk langsetter Vestlandet som grunnlag for ein region, og at å flytte oppgaver ned på eit regionalt nivå vil bidra til ei demokratisering av desse oppgåvene. Vestlandet vil dermed vil ha sterkare påverknad i høve sentrale organ.

NHO Hordland og NHO Rogaland peikar på at Vestlandet har mange likheitstrekk langs ein nord-sør akse gjennom næringsstruktur og historisk/kulturell tilknytning. Derimot er det store

forskjellar mellom indre og ytre strok på Vestlandet. Det er ei stor utfordring å bidra til å redusere dette. NHO i Sogn og Fjordane går inn for ein to-nivåmodell, med "storkommunar".

Fleire høyringsinstansar legg vekt på at detaljert statleg styring reduserer lokaldemokratisk handlefridom og lokaldemokratiske prinsipp, og at det er behov for større kommunal og regional sjølvråderett.

#### ***Fylkesrådmannen sine kommentarar***

Fylkesrådmannen registrerer at det er ulike synspunkt på spørsmålet om Vestlandet blir ei for stor eining, og om kva for konsekvensar dette vil ha i høve lokaldemokratiet. Elles er det mange instansar som kommenterer manglande statleg sektorsamordning.

Etter fylkesrådmannen si meining er det viktig å presisere at staten må ha hovudansvaret for nasjonal samordning av mål og rammeverk. Dette kan ikkje regionane ta over. Regionar kan derimot ha ansvar for regionale sektorovergripande strategiar og iverksetjing av tiltak, innanfor desse nasjonale rammer og mål. Men det vil vere nærast umogleg å ta ansvar for regionale strategiar, dersom ikkje det nasjonale rammeverket og måla er samordna.

Eg vil også presisere at ei regionreform ikkje betyr ein svak stat. Eg er samd i at staten må setje målsettingar, men overlata iverksetjinga til regionar og kommunar. Staten skal også ha ansvar for oppgåver som krev nasjonalt heilskapsgrep, eller som krev standardisering og likebehandling.

Uavhengig av framtidig regionalt nivå, vil tilhøvet til dei større byane vere viktig.

Det vil også ved ei regionreform vere naudsynt å sjå på tilhøvet mellom regionane og ABS- (Arbeid, bustad og service) område. Kommuneoverskridande oppgåver som best kan løysast i ABS- område, skal sjølvstendig bli løyste på dette nivået. Det er difor viktig å leggje til rette for interkommunalt samarbeid. Samstundes har regionane ei oppgåve i å vere ein medspelar og å leggje til rette for og bidra positivt i dette kommuneoverskridande samarbeidet.

#### **Grensesnitt (Utgreiinga sitt kapittel 4)**

##### ***Resymé av utgreiinga***

Det vert presisert at det politiske ansvaret og retten til å stille krav og følgje opp resultat ligg til staten som før, også ved ei regionreform. Staten må overlata oppgåver til regionane som kommunane er for små til å løyse, og som ikkje treng liggje på eit nasjonalt nivå. Kommunar og regionar vil framleis vere sideordna, men ha ulike oppgåver.

##### ***Synspunkt frå høyringsinstansane***

Fleire kommunar og fylkesmennene meiner at også oppgåver bør flyttast ned til kommunalt nivå. Nokre høyringsinstansar peiker på at det er behov for å rydde i oppgåvedelinga på regionalt nivå mellom fylkeskommunar/regionar og fylkesmenn.

Fylkesmannen i Hordaland peikar på at kommunane sitt ansvar for utviklingsoppgåver kan bli gjort tydelegare og blir styrkt, både med tydelegare ansvar og større ressursar. Lovgrunnlaget må bli klargjort og mulegheitene for å organisere rasjonelle samarbeidsløysingar må styrkast.

##### ***Fylkesrådmannen sine kommentarar***

Det vil vere naturleg ved ein regionreform også å sjå om det er oppgåver som bør overførast til kommunane. Dersom det blir store landsdelsregionar - eller større kommunar - bør ein særleg vurdere å overføre oppgåver fylkeskommunane har i dag, til kommunane.

Uavhengig av om det blir regionar eller ikkje, er det viktig å utvikle vidare kommunane sin funksjon som samfunnsutviklar. Dette må skje i eit nært samarbeid med det regionale nivået.

## **Oppgåver for eit framtidig regionalt nivå (Utgreiinga sitt kapittel 5)**

### ***Resymé av utgreiinga***

Styringsgruppa har lagt til grunn at det ikkje er aktuelt å slå saman dagens fylkeskommunar utan at det medfører auka ansvar og fleire oppgåver. I tillegg må regionane tilførast finansielle ressursar for å løyse desse oppgåvene. Utgreiinga viser til at nokre oppgåver krev truleg ei større geografisk eining enn det som svarar til fylkeskommunane.

Aktuelle oppgåver er nærings- og innovasjonspolitik, landbruks- og bygdeutvikling, ressursbaserte næringar og sentrale distriktnæringar som t.d reiseliv. Regionar må samarbeide nært med kunnskapsinstitusjonane.

Andre oppgåver som er foreslått er diverse oppgåver innan samferdsel, vidaregåande opplæring og kulturpolitikk og regional planlegging. Styringsgruppa vart delt med omsyn til om helseføretaka bør leggjast under folkevald regional styring.

### ***Synspunkt frå høyringsinstansane***

Dei fleste høyringsinstansane som er positive til ein vestlandsregion, er stort sett samde i utgreiinga om kva for oppgåver som bør desentralisera det regionale nivået. Det vert også presisert at det må liggje tilstrekkeleg med oppgåver og makt slik at det ligg reell prestisje i å vere vestlandspolitkar.

Innovasjon Norge meiner at ein ny regioninndeling vil i større grad enn dagens fylke vere tilpassa behovet for å sjå næringsutvikling i eit større geografisk perspektiv, og at modellen legg til rette for å kunne arbeide meir aktivt med innovasjon og næringsutvikling basert på regionale føresetnader.

Mange høyringsinstansar meiner derimot at først må ein bli samde om oppgåvene, før geografi vert drøfta. Særleg gjeld dette kommunane i Sogn og Fjordane

Ei rekkje høyringsinstansar gir nærare synspunkt på einskildoppgåver. Det er mange av høyringsinstansane i Sogn og Fjordane som meiner at spesialisthelsetenesta igjen bør kome under folkevald regional styring.

Innovasjon Norge peikar på at skal ein regionmodell fungere godt i forhold til innovasjon, næringsutvikling og verdiskaping, må det vere ein tydeleg nasjonal politikk med klare mål, som samtidig gjev tilstrekkeleg regionalt handlingsrom til å utforme ein regional politikk tilpassa ulike fortrinn i ulike regionar. Det må framleis vere eit klart skilje mellom politisk og strategisk ansvar og den operative verksemda som eit fagleg/administrativt ansvar. Det må vere eit nasjonalt verkemiddelapparat med operativt ansvar for verkemiddelbruk både regionalt, nasjonalt og internasjonalt innanfor eitt og same system.

Dei høgskulene som har uttalt seg, meiner staten framleis må ha ansvar for universitets- og høgskulesektoren, men ser behov for samarbeid mellom det regionale nivået og UoH-sektoren. Høgskulen i Sogn og Fjordane ønskjer eit regionalt forskingsfond og å etablere regionale

forskningsprogram. Dei ynskjer og at regionen skal ha ei samordnar-rolle mellom institusjonane. Høgskulen Stord-Haugesund meiner det bør utviklast eit vestlandsuniversitet, dvs. ein samla overordna struktur på høgare utdanningsinstitusjonar på Vestlandet.

Statens vegvesen har ein relativt detaljert gjennomgang av kva for oppgåver på samferdselsområdet som det er naturleg at ein vestlandsregion har ansvar for.

Tannhelsetenesta i fylka er klare på at kommunane blir for små einingar til danne eit godt nok grunnlag for fleire av dei spesialisttenestene som er nødvendig for å kunna gje eit tilfredsstillande tilbod. Ein vestlandsregion vil kunne fungere godt i ein slik samanheng.

Nokre høyringsinstansar peikar på faren for at ein vestlandsregion kjem i ein overkommenerolle. Eit par instansar peikar på at regionar kan ha ansvar for kontakt med EU og regionar i andre land.

Fylkesmannen i Rogaland synest det utenkjeleg å leggja politikkkutforminga innafor energi, fiskeri, jordbruks-, miljø- og arbeidsmarknadspolitikkk til eit regionalt nivå. Dette er alle fagfelt som er sentrale i nasjonal samanheng, og som vil vere det også framover, til dømes ut frå likebehandling, vern av knappe ressursar og andre verdiar, samt rettferdig fordeling av ressursar og velferdsgode.

#### ***Fylkesrådmannen sine kommentarar***

Fylkesrådmannen registrerer at det blant dei instansane som har uttalt seg om oppgåver, i hovudsak er tilslutnad om dei oppgåver som utgreiinga nemner. Nokre presiserer at visse oppgåver krev eit større geografisk område, som t.d. innan samferdsel, internasjonalt arbeid, næringsutvikling og spesialisthelsetenesta.

Fleire er redde for at regionane kjem i ei "overkommune"-rolle. Eg vil presisere at regionane først og fremst skal ha ei rolle i å vere ein medspelar og å tilpasse nasjonal politikk til regionale tilhøve. Det er ikkje lagt opp til at fylkeskommunane skal overprøve kommunale vedtak.

Fylkesrådmannen tek elles synspunkta til etterretning, og presiserer at dette vil vere viktige innspel, uavhengig av framtidig organisering.

#### **Valordning (Utgreiinga sitt kapittel 6)**

##### ***Resymé av utgreiinga***

Utgreiinga legg til grunn at det skal vere eit regionting som er valt gjennom direkte val. Talet på representantar bør bli fastsett slik at det gir ein god, tilstrekkeleg representativitet både politisk og geografisk. Det er vurdert måtar å kompensere for lågt innbyggjartal og lange avstandar i Sogn og Fjordane, enten som ei fast ordning eller som ei overgangsordning.

##### ***Synspunkt frå høyringsinstansane***

Dei fleste instansane som har kommentert inndeling i valdistrikt, meiner at ei vestlandsregion må ha ein felles valdistrikt, og at dette må vere felles med valdistriktet til Stortinget. Fleire valdistrikt kan føre til tautrekking og strid mellom valkrinsar.

Nokre høyringsinstansar peikar på at store valdistrikt kan føre til mindre påverknadskraft til mindre folkerike områder. Det er og synspunkt på at det er positiv til å utgreie å del opp fylka i mindre valkrinsar.



### ***Fylkesrådmannen sine kommentarar***

Det er forholdsvis få instansar som har uttalt seg om denne delen, og det er ulike synspunkt på valordninga. Det kan argumenterast med at eit felles valdistrikt kan bidra til å få fram regionpolitikarar med heile regionen som fokus. Ved fleire valdistrikt i ein region, vil representantane i hovudsak vere talspersonar for sitt distrikt. Desse omsyna bør vegast opp imot kvarandre. Eg viser også til dei mulegheitene som ligg i utjammingsmandatar mm. Ved ei nasjonal reform, er det naturleg at det blir lagt opp til nasjonale ordningar på dette området.

### **Politisk og administrativ organisering (Utgreiinga sitt kapittel 7)**

#### ***Resymé av utgreiinga***

Det er teke utgangspunkt i at det må vere eit desentralisert styringssystem for Vestlandet. Parlamentarisme og formannskapsmodell er vurdert som to alternative måtar å organisere dette på. Vidare er utvalsstruktur vurdert. Det vert argumentert for ein desentralisert administrasjon. Einskapsfylke (samanslåing av fylkeskommune/ region og fylkesmannsembetet) som politisk og administrativ styringsmodell er vurdert.

#### ***Synspunkt frå høyringsinstansane***

Dei fleste av høyringsinstansane som har kommentert dette punktet, meiner det er fornuftig å leggje til grunn eit desentralisert styringssystem. Det er likevel høyringsinstansar som stiller spørsmål ved om det på lang sikt er muleg å leggje til grunn eit desentralisert styringssystem og desentralisert administrasjon.

Fleire høyringsinstansar i Møre og Romsdal viser til det pågåande forsøket med einskapsfylke. Eit par høyringsinstansar i Sogn og Fjordane peikar også på einskapsfylke som ein muleg modell.

Fleire høyringsinstansar fryktar ei sentralisering av arbeidsplassar og politisk makt. Spesielt gjeld dette høyringsinstansar i Sogn og Fjordane. Førde kommune tilbyr seg å vere hovudsete for ein ny vestlandsregion.

Ei rekkje høyringsinstansar peikar på partnerskapsmodellen som grunnleggjande for samhandling. Eit par høyringsinstansar meiner det vil vere vanskeleg å få til god samhandling i ein stor vestlandsregion. Innovasjon Norge meiner organiseringa må bli basert på ei organisering gjennom gjensidig forpliktande partnerskap mellom likeverdige partnarar. Partnerskapsforma vil ikkje eigne seg for samhandling basert på reine "bestillar-leverandørrelasjonar".

Fylkesmannen i Rogaland meiner at dei oppgåver han er sett til å ivareta, krev nærleik og heilskap i høve til brukarane. Det er då ei føremon i ha eit avgrensa tal kommunar å samhandle med, og at dei geografiske avstandane ikkje er for store.

Ei rekkje høyringsinstansar i Møre og Romsdal peikar på behovet for både å samarbeide med dei andre vestlandsfylka, og å også samarbeide nordover og austover.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane sendte ut eit tilleggsnotat om einskapsfylke 15.07.05. Notatet drøftar einskapsfylke i høve til både råds- og regionmodellen. Høyringsinstansane i Sogn og Fjordane vart bedne om å gje fråsegn også om dette.

Det er eit nesten samla syn mellom høyringsinstansane i Sogn og Fjordane at ein må vente med dette spørsmålet til evalueringa av dei pågåande forsøka i andre delar av landet er gjennomført.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane peikar dessutan på at det er lite interessant å drøfte einskapsfylke i kombinasjon med ein vestlandsregion og at fylkestinget vedtok å ikkje søke om å få vere med på forsøket då det var aktuelt.

#### ***Fylkesrådmannen sine kommentarar***

Fylkesrådmannen peikar på at det er generelt sett støtte for ein desentralisert administrasjon. Skal det bli ein framtidig stor region, krev dette ei såpass robust organisering som vil kunne bestå i framtida, og som kan ivareta både omsynet til nærleik og effektivitet. Dette vil krevje eit omfattande arbeid å kombinere desse to omsyna. Det er mykje som tyder på at ein desentralisert administrasjon betre vil kunne sikre regional balanse.

Partnerskapsmodellen må liggje til grunn for samhandling frametter, uansett forma på det framtidige regionale nivået.

Det ser ikkje ut til å vere støtte for vidare arbeid med einskapsfylke på det noverande tidspunkt.

### **Økonomi og finansiering (Utgreiinga sitt kapittel 8)**

#### ***Resymé av utgreiinga***

Utgreiinga har kartlagt inntekts- og utgiftsstruktur i fylkeskommunane og større lokale verdiar, og sett på alternative måtar å finansiere ein region på.

#### ***Synspunkt frå høyringsinstansane***

Berre eit fåtal instansar har kommentert dette spørsmålet. Eit par instansar meiner det er behov for å utgreie nærare spørsmålet om fri skattlegging.

#### ***Fylkesrådmannen sine kommentarar***

Det vil vere naturleg å sjå nærare på spørsmålet om finansieringssystem når oppgåver og geografi vert vurdert. Eg viser også til at Borge- utvalet (NOU 2005:18) nyleg har gått igjennom og evaluert inntektssystemet for kommunal sektor.

### **Rådsmodellen (Utgreiinga sitt kapittel 9)**

Utgreiinga har vurdert ei vidareutvikling av samarbeidet mellom fylkeskommunane. Det er også vurdert om overføring av delegerte oppgåver frå staten kan løysast av Vestlandsrådet.

#### ***Synspunkt frå høyringsinstansane***

Som nemnt er det ei rekkje høyringsinstansar som rår til rådsmodellen. Fleire høyringsinstansar meiner det er behov for å styrkje samarbeidet mellom fylkeskommunane på Vestlandet.

Det er særleg innan samferdsel, men også innan andre felt som næringsutvikling og innovasjon, at høyringsinstansane rår til eit omfattande samarbeid.

#### ***Fylkesrådmannen sine kommentarar***

Fylkesrådmannen registrerer stor oppslutnad om eit tett samarbeid på Vestlandet, uavhengig av framtidig organisering. Ingen av høyringsinstansane har gått i detalj på korleis samarbeidet bør utviklast framover.

## **Tidsplan for å etablere nye regionar (Utgreiinga sitt kapittel 10)**

### ***Resymé av utgreiinga***

Utgreiinga viser til at det ligg føre ei rekkje alternativ for å vidareutvikle det regionale nivået. Eit sterkare formalisert samarbeid mellom vestlandsfylka gjennom Vestlandsrådet kan skje umiddelbart. For etablering av ein vestlandsregion blir det vist til KS sin tidsplan med iverksetjing i 2010. Det er både vurdert ein vestlandsregion gjennom ein nasjonal forvaltingsreform, og gjennom eit forsøk. Behovet for folkerøysting er vurdert.

### ***Synspunkt frå høyringsinstansane***

Fleire høyringsinstansar peikar på at det er behov for ein rask avklaring av det framtidige regionale nivået.

Fylkesmannen i Hordaland peikar på at omorganiseringsarbeidet i td. fylkeskommunen og i fylkesmannsembetet ikkje må starte opp før politiske vedtak er gjort.

Det er få høyringsinstansar som har uttalt seg i høve til folkeavrøysting. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner det må gjennomførast folkeavrøysting ved ei ev. regiondanning.

### ***Fylkesrådmannen sine kommentarar***

Fylkesrådmennene peikar på at etter at utgreiinga vart lagt til høyring, har den nye regjeringa lagt fram regjeringserklæringa ("Soria-Moria-erklæringa"), der det er lagt opp til at ein regionreform. Først skal oppgaver, mynde og ansvar frå staten definerast, deretter geografi. I "Soria-Moria-erklæringa" er det lagt opp til at reforma kan setjast i verk seinast 1. januar 2010. Dette er i tråd med framdrifta som det er lagt opp til i utgreiinga.

Det er få høyringsinstansar som har uttalt seg i høve til folkeavrøysting ved regiondanning. Dette tydar på at dette ikkje er ønskjeleg, kanskje med unntak av kommunar i grenseområda dersom det blir aktuelt å endre grenser.

Det ser heller ikkje ut som det på det noverande tidspunkt er noko alternativ å vurdere eit forsøk med ein vestlandsregion.

### **Andre forhold som ikkje er omtalt i utgreiinga**

Nokre høyringsinstansar meiner Vestlandet bør delast inn i to regionar, med hhv. Rogaland og Hordaland, og Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane.

Eit par kommunar på Nordmøre meiner at dersom det blir større regionar, bør delar av Møre og Romsdal gå inn i Trøndelagsregionen.

Dalanerådet rår ikkje til at det vert danna eit nytt folkevalt nivå på Vestlandet, men ønskjer primært ein ny region på Sør-Vestlandet samansett av Rogaland og Vest-Agder. Sekundært sluttar dei seg til ein samarbeidsmodell mellom dei fylka som i dag omfattar Vestlandsrådet.

### ***Fylkesrådmannen sine kommentarar***

Fylkesrådmannen tar synspunkta til etterretning.

### **Fylkesrådmannen sine samla vurderingar**

Utgreiinga "Vestlandsregion eller vidare samarbeid" har vore til brei høyring, og det er kome ei rekkje synspunkt på utgreiinga. Det er kome mange nyttige innspel, uavhengig av lagnaden til den vidare prosessen. Sjølv om det kunne ha vore fleire som hadde uttalt seg til utgreiinga, viser det relativt stor interesse og engasjement om spørsmålet hos fylkeskommunen sine partnarar.

Fylkesrådmannen vil peike på at høyringsinstansane har ulike synspunkt på spørsmålet om ein vestlandsregion. Ut i frå høyringa gir dette etter mi meining ikkje grunnlag for vidare arbeid med sikte på danning av ein vestlandsregion no.

Samstundes må det seiast at høyringa i store trekk gir stor oppslutnad om eit framleis folkevald regionalt forvaltingsnivå, og til eit sterkt samarbeid på Vestlandet. Samarbeidet på Vestlandet gjennom Vestlandsrådet bør difor bli styrkt.

Samstundes vil eg peike på at regjeringa Stoltenberg i si regjeringsplattform har planar om ein regionreform. Det heiter m.a. i denne erklæringa at:

*Noen av dagens fylkeskommuner er for små for disse oppgavene, og vi trenger derfor større regioner. Inndelingen i regioner må ta hensyn til avstander og identitet, og skje i en prosess der både kommunene og dagens fylkeskommuner deltar*

Gjennom utgreiingsarbeidet og høyringa har Vestlandsrådet opparbeida seg ein god del kompetanse og erfaring i spørsmålet om framtida for regionane. Det vil vere naturleg at Vestlandsrådet tek del og gir innspel i den nasjonale prosessen. Eg vil difor rå til at Vestlandsrådet tar kontakt med KRD og tilbyr aktiv medverknad i dette arbeidet, noko som det også er lagt opp til i regjeringserklæringa.